



LINDÅS KOMMUNE
Haugen barnehage

Innspel til høyring på Kvalitetsplan for oppvekst 2016 – 2028
Kommune delplan gjeldande frå haust 2016

Frå dei tilsette i Haugen barnehage ser vi at hovudmål og delmålsetting er gode mål. Det kjem ikkje fram korleis dette er tenkt finansiert. Utan utvida rammer frå det vi har i dag, er det lett for at det berre blir fine ord. Då kan det lett bli demotiverande for dei som skal gjennomføre planen. Dei får oppleving av at dei ikkje strekk til. Og skuffelse hjå dei planar gjeld, når dei føler at dei ikkje får det planen lovar.

I kvalitetsplanen står det mykje om å sjå det einskilde barnet og behovet deira, og at barnet skal møte tilgjengelege vaksne som er trygge i rolla si. I praksis opplever vi at det er mindre og mindre tid til kvart enkelt barn. Grunna at opningstida er 10 timar, barn kan ha opphaldstid på 9 timar og personalet har arbeidstid på 7,5 time per dag. I dag er tal barnehageplassar per vaksen sju. . Då kan det vere delar av dag det berre er ein person saman med barnegruppa. For å gje barna eit betre tilbod må barnetalet per vaksen reduserast

Pedagogresursane i barnehagen må òg aukast. I «Forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Norm for pedagogisk bemanning. Det skal være minimum én pedagogisk leder per 14-18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder.» Her er Lindås kommune i øvste sjiktet, det vil sei 18 og 9 barn per pedagog. Måloppnåing hadde vore lettare med færre barn per pedagog.

I Lov om barnehager. § 18. Barnehagens øvrige personale, står det: «Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.» Kven skal seie når bemanninga er tilstrekkeleg? Politikarar?, Administrasjon?, Personalet?, Foreldre/barn?

Det te må takast omsyn til, før Kvalitetsplan for oppvekst 2016 – 2028 blir vedteke.

For personalet i Haugen barnehage
Kate E. Klementsens